Time kommune



Kommuneplan for Time kommune 2026-2037

Samfunnsdelen

Avgrensa revidering

Høyringsforslag 04.09.2026

Innhald

Forord 3
1 Innleiing 4
Bakgrunn 4
Kva er ein samfunnsdel? 4
Samfunnsdelen som styringsverktøy 4
2 Føresetnadar for samfunnsdelen 5
Nasjonale forventningar 5
Regionalplanen 5
Lokale prioriteringar 6
Medverknad 6
3 Berekraftige Time 7
Om berekraftsmåla 7
Prioriterte mål for Time 7
4 Lokaldemokratiet vårt 9
5 Arealstrategi og jordvernmål 11
6 Visjon og langsiktige mål 13
Visjon og verdiar 13
Samskaping 13
7 Satsingsområde 1: Me skal gjera det i lag 15
8 Satsingsområde 2: Gode kvardagsliv for alle 17
9 Satsingsområde 3: Bryne – byen på Jæren 21
10 Satsingsområde 4: Saman mot eit grønare samfunn 23

Forord

Timebuen har mykje å vera stolt over når det gjeld sin eigen kommune. Ser me framover må me samstundes utvikla og omstilla oss for å kunna møta framtidige utfordringar.

I løpet av det siste tiåret har kommunen både opplevd kraftig vekst og brå nedgang. På starten av 2010-talet var det utfordrande å skulla planlegga nok barnehageplassar og skuleplassar til alle tilflyttarar. På slutten av same tiåret måtte ein kutta både i barnehageplassane og i budsjetta då veksten brått tok slutt. Ingen hadde heller sett føre seg at starten på 2020-talet skulla verta totalt overskygga av ein pandemi. Store deler av den kommunale organisasjonen, så vel som resten av samfunnet i Time, måtte tilpassa seg ein heilt ny kvardag. Dette illustrerer kor vanskeleg det kan vera å planlegga for framtida.

Denne usikkerheita kan me aldri gradera oss mot. Men me kan ta forholdsreglar og planlegga så godt som mogleg.

For ein kommune ligg det god førebuing i å ha gode planar. Særleg gjennom kommuneplanen stakar ein ut ein langsiktig kurs for Time. Det har kommunestyret gjort i denne samfunnsdelen. Kommunen har prioritert nokre satsingsområde som er av særleg stor betydning framover.

Arne Garborg skreiv i 1909: «*At nye tider er på veg er visst; men kor mykje av det gamle som må øydast før det nye kan gro – det er spørsmålet*».

I 2022 snakkar me ikkje om at noko må «øydast», men at me må omstilla oss for å førebu oss på «nye tider». Det handlar både om at me må gjera ting annleis, smartare og på måtar som i større grad tek omsyn til ei av vår tids viktigaste utfordring, nemleg klimakrisa.

Mitt mål er at denne samfunnsdelen skal gje kommunen ein god retning å jobba mot i tida som kjem.

Andreas Vollsund
ordførar



1 Innleiing

Bakgrunn

Time kommune sin planstrategi for perioden 2023-2027 vart vedtatt av kommunestyret 10. desember 2024 (KS-096/24) og legg føringar for kva planar kommunen skal arbeida med i tidsrommet. I denne vart det vedteke at kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skulle reviderast.

Ei slik revidering skal skje etter føresegna i plan- og bygningslova. Det betyr mellom anna at det skal utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Eit planprogram gjer greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegget for medverknad og behovet for utgreiingar. Forslag til planprogram vert sendt på høyring og vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Planprogrammet for kombinert samfunnsdel og arealdel vart lagt ut til offentleg ettersyn 05. mar 2025 og endeleg planprogram var fastsett av formannskapet i Time 3. september 2025 (FSK - 056/25).

Kva er ein samfunnsdel?

Kommuneplanen, med arealdel og samfunnsdel, er det overordna politiske styringsdokumentet i kommunen.


Samfunnsdelen tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen som heilskap og kommunen som organisasjon over ein tolvårsperiode.

Samfunnsdelen sine to hovudperspektiv er kommunen som samfunnsutviklar og kommunen som tenesteleverandør.

Samfunnsdelen som styringsverktøy

Samfunnsdelen er utgangspunkt for mål og tiltak i andre kommunale planar. Prioriteringar og satsings- område i samfunnsdelen skal legga føringar for mål og tiltak i den fireårige økonomiplanen til kommunen. Økonomiplanen er handlingsdelen til samfunnsdelen.

> **§**
>
> *Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Han bør innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen.*
>
> *Kommuneplanens samfunnsdel skal vere grunnlag for planane til sektorane og verksemd i kommunen. Han skal gi retningslinjer for korleis kommunens eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlege organ og private.*
>
> *Kommunedelplanar for tema eller verksemdsområde skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire følgjande åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg.*
>
> Plan- og bygningslova § 11-2



Figuren viser sammenheng mellom forskjellige kommunale plantyper.

2 Føresetnadar for samfunnsdelen

Nasjonale forventningar

I samsvar med plan- og bygningslova § 6-1 skal regjeringa kvart fjerde år legga fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Hensikta er å fremja ei berekraftig utvikling i heile landet. For kommunane sin del skal desse nasjonale forventningane føljast opp i arbeidet med planstrategi og i andre planar kommunen utarbeidar som til dømes kommuneplanen. Forventningane vert følgt opp gjennom statlege styresmakter sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa legg vekt på at me står overfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn.
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvalting.
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn.
- Å skapa eit trygt samfunn for alle.

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i hovudutfordringane også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftmåla skal sikra sosial rettferd, god helse og stansa tap av naturmangfald og klimaendringar.

Nasjonale forventningar er delt inn i fire hovudområde:

- Samordning og samarbeid i planlegginga.
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn.
- Berekraftig velferd og verdiskaping.
- Klima, natur og miljø for framtid.
- Samfunnssikkerheit og beredskap.

Regjeringa forventar at kommunane planlegg aktivt for å motverka og førebygga levekårsutfordringar og bidreg til utjamning av sosiale forskjellar. Det er også ei klar forventning til kommunane at dei legg universell utforming til grunn i planlegging av omgjevnadar og bustadområde og tek i vare folkehelseomsyn i planlegginga.

Regionalplanen

Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke vart vedtatt av fylkestinget i Rogaland 20. oktober 2020. Planen er ein langsiktig plan for samordna bustad- areal- og transportplanlegging i dei ti kommunane Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg, Strand, Time, Klepp, Hå, Gjesdal og Kvitsøy. Saman utgjer desse kommunane ein av Noregs største bu- og arbeidsmarknadsregionar. Planen skal leggjast til grunn for planlegginga i dei nemnte kommunane.

Bryne har saman med bybandet mellom

> **Hovedprioritering:**
> - Realisere vekst og utvikling med bymessig kvalitet i bybåndet Stavanger-Sandnes og i Bryne sentrum. Bybåndet omfatter regionens tyngdepunkter for bolig og næring og utvikles med særlig god infrastruktur for miljøvennlig transport. Bryne er by og tyngdepunkt for bolig, arbeidsplassintensive virksomheter og regionale funksjoner i søndre del av regionen.
>
> Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke s. 37

Stavanger og Sandnes fått høgaste regionale prioritet for utvikling i regionalplanen. Det betyr at det vil vera særleg regional innsats for å realisera vekst med bykvalitet, utvikling av Bryne som eit kollektivknutepunkt og at publikumsretta eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjonar som berre vert gitt på éin stad på Jæren bør lokaliserast på Bryne.

Kvernaland har i regionalplanen fått status som lokalsenter.

Lokale prioriteringar

Planstrategi 2023-2027 presenterer følgjande som utfordringsbiletet til kommunen:

Arealbruk: Legga til rette for vekst i bustader og næringsareal samtidig som ein tek vare på jordbruksjorda. Styrka by- og tettstadssentrum. Redusera behovet for privat bilisme.

Demografisk utvikling: Veksten i innbyggarar over 67 år ligg på 56,1 % fram til 2035. Det er forventa størst auke i dei eldste aldersgruppene, både for 80 til 89 år og for 90 år og eldre, medan auken for dei yngste (0-2 år) berre ligg på 6,9 %.

Økonomisk berekraft: Time er del av ein region der næringa er sterkt prega av oljeindustrien og relaterte næringar. Det er behov for å diversifisera næringslivet slik at ein får fleire bein å stå på i møte med framtida. Tilgang på nok arbeidsplassar er viktig. Kommune-økonomien må ha rom for å takla endringar i demografi og folketalsvekst.

Miljømessig berekraft: Det er behov for reduksjon av klimagassutsleppa og fleire tiltak for å ta vare på det det biologiske mangfaldet i kommunen.

Sosial berekraft: Kommunen ligg under det nasjonale snittet når det gjeld familiar med låg inntekt. Samstundes er arbeidsledige, aleine-forsørgjarar og flyktningar særleg utsette grupper.

Planstrategien peiker også på tema som innovasjon, samskaping og digitalisering som viktig for revisjonsarbeidet.

Folkehelseplan for Time kommune 2024-2027 (og arbeid gjort i tidlegare versjonar) er eit anna viktig dokument som samfunnsdelen bygg på. Basert på tilgjengeleg kunnskap og saman med folkevalde, representantar frå frivillige lag og organisasjonar, eleverråda og tilsette i kommunen, vart det identifisert ulike utfordringar som kommunen står over for. Dei mest presserande områda som vart prioritert å følja opp var: psykisk helse, inntektsskilnader, skulevegar, eldreressursen og aktivitets-mangfald. Desse områda har vore prioritert gjennom tiltak i økonomiplanar og temaplanar.

Kommunen sin samfunnsdel for 2022-2034 som denne planen erstattar vart vedtatt av kommunestyret 20. september 2022. Planen har fleire temaområde som alle framleis er aktuelle. Planen er av nyare dato, og store delar vart vidareført i denne revisjonen. Den nye planen vil fungera som en mindre revisjon av samfunnsdelen 2022-2034.

Medverknad

Det var i førre revisjon av samfunnsdelen (2022) viktig å leggja til rette for diskusjon og innspel frå ulike delar av Timesamfunnet i arbeidet med samfunnsdelen. Det vart då gjennomført eit omfattande opplegg retta mot frivillige lag og organisasjonar, kommunale råd, interne fagmiljø og eksterne organisasjonar.

Sidan gjeldande samfunnsdel er av nyare dato og framleis i stor grad er svært relevant, er det ikkje vurdert som nødvendig med vesentlege endringar. Det er derfor heller ikkje gjennomført større medverknadsprosessar i denne revisjonen.

Folkehelseundersøkinga i 2020 og lokaldemokratiundersøkinga i 2021 har òg vore viktig for å få kartlegga synspunkt og vurderingar om tilstanden i kommunen frå inn-byggjarane i Time.



3 Berekraftige Time

Om berekraftsmåla

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppa klimaendringar innan 2030. FN sine berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungera som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Eit av hovudprinsippa i berekraftsmåla er at ingen skal utelatast (Leaving no one behind). Dei mest sårbare menneska må derfor prioriterast.

FN viser til tre dimensjonar i berekraftig utvikling. For å skapa berekraftig utvikling må me jobba på tre område: «Økonomi», «Sosiale forhold» og «Klima og miljø». Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig.

Fleire av berekraftsmåla er oppnådde i Norge, men mykje arbeid står att. Det er òg viktig å «tenka globalt og handla lokalt» på fleire områder. I 2021 la regjeringa fram *Meld. St. 40 (2020-2021) Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*. På side 8 i meldinga står det:

> *Regionale og lokale myndigheter har et særskilt ansvar i oppfølgingen av 2030-agendaen. Ifølge FN kan to tredjedeler av delmålene kun nås gjennom lokal innsats. Lokale myndigheter er nærmest befolkningen, bedriftene og organisasjonene. Lokale og regionale myndigheter er ansvarlige for mye av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påvirker befolkningens levekår og utviklingsmuligheter.*



Prioriterte mål for Time

Time kommune ønsker å bygga samfunnsplanlegginga på FN sine berekraftsmål gjennom ei prioritering av dei mest relevante berekraftsmåla inn i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunen satt ned ei arbeidsgruppe som skulle føreslå kva berekraftsmål Time skulle prioritera. Det vart bedt om innspel frå alle deler av kommuneorganisasjonen i tillegg til ungdomsrådet og Møllekjellaren ungdomsklubb.

Eit forslaget om å prioritera 7 av dei 17 berekraftsmåla vart lagt fram for kommunestyret i februar 2021. Forslaget var vedteken og desse måla vil utgjer ramma for den kommunale planlegginga i kommuneplan-perioden 2026-2037.

I arbeid med nye tema-planar og strategiar skal det tas utgangspunkt i desse prioriterte måla og konkretisera og aktualisera dei for dei ulike tenestene i Time kommune.

I samfunnsdelen er kvart innsatsområde basert på dei prioriterte berekraftsmåla.

Dei prioriterte berekraftsmåla for Time kommune er:



Sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder.



Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheiter for livslang læring for alle.



Fremja varig, inkluderande og berekraftig vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle.




Gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.



Handla omgåande for å motarbeida klimaendringane og konsekvensane av dei.



Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald.



Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling.

4 Lokaldemokratiet vårt

Demokrati er ein viktig verdi som det gjeld å ta vare på og utvikla vidare. Kommunelova legg føringar for korleis kommunane skal styrast. Formålsparagrafen slår tydeleg fast at den skal legga til rette for det lokale folkestyret og eit sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggardeltaking der kommunar kan yta tenester og driva samfunnsutvikling til det beste for innbyggarane.


Lokaldemokratiet handlar om meir enn berre valet til kommunestyret som skjer kvart fjerde år. Det handlar mellom anna om at innbyggarane får informasjon og moglegheit til medverknad i avgjersler som engasjerer dei.


Tillit frå innbyggjarane til prosessar og avgjersler er grunnleggande for at det representative lokaldemokratiet skal fungera. Dette er òg vektlagt i formålsparagrafen til kommunelova som slår fast at lova skal bidra til at kommunar er effektive, tillitsskapande og berekraftige.

Handlingsplan for lokaldemokrati 2018-2020 er vedtatt og innearbeidet i samfunnsdelen.

Formannskapet føretok ein evaluering av planen og slo fast at det viktigaste å ta med vidare inn i samfunnsdelen var viktigheita av tillit og med-verknad. At fleire og nye grupper vert engasjert og at innbyggjarane har gode moglegheiter til å påverka avgjersler.

KS gjennomførte i 2017 og 2021 lokal-demokratiundersøking blant innbyggarar i Time kommune. Denne synte at fleirtalet meinte at dei folkevalde er til å stola på og at dei har moglegheit til å påverka avgjersler i kommunen. Samstundes synar undersøkinga ei negativ utvikling frå 2017 til 2021 som må takast på alvor.





I dei nasjonale forventningar til regional og kommunal plan-legging legg regjeringa vekt på at det vert lagt til rette for at innbyggarar, organisasjonar og institusjonar, frivillig sektor og næringslivet kan delta i planprosessane.
Dei skriv at «tidleg og god involvering sikrar at vi får synleggjort relevant kunnskap og viktige interesser. Det vil gi eit betre grunnlag for interesseavveging og styrkje planlegginga som demokratisk arena. Det vil også medverke til å redusere konfliktnivået og heve kvaliteten på planen».

Nokre kjenneteikn på eit godt lokaldemokrati med høg tillit
• Innbyggarane kjenner seg godt representert. Det inneber mellom anna at dei folkevalde kjennar til innbyggarane sine meiningar, interesser og behov – og at dei legg desse behova til grunn for dei vedtaka som fattast. • Dei folkevalde set dagsordenen, styrer ressursbruken og er ombod for innbyggarane. • Dei folkevalde held det dei lovar. Ein kommune eller fylkeskommune som ikkje oppnår gode resultat, får problem. *Tillit og KS Folkevalgtprogram* (2019) s. 12



5 Arealstrategi og jordvernmål

Time kommune er ein viktig jordbruks-kommune og skal bidra til at nasjonale og regionale mål om vern av jord vert nådd. Samstundes må ein balansera dette opp mot andre kommunale og regionale omsyn.

I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging meiner regjeringa at ein overordna arealstrategi bør takast med i samfunnsdelen. Målet er at strategien skal gi ei langsiktig retning for areal- og ressursforvaltninga til kommunen. Regjeringa nemnar spesifikt reduksjon av dyrka mark som eit viktig tema for arealstrategien.

Stortinget vedtok i 2021 ein ny nasjonal jord-vernstrategi med eit innskjerpa jordvernmål. Ny målsetting er at omdisponering av dyrka jord ikkje skal overstiga 3000 dekar årleg, og at dette skal vera nådd innan 2025.I 2023 vart målet ytterlegare skjerpa inn ved at omdisponeringa i Noreg ikkje skal overstiga 2000 dekar/år. Målet skal vera nådd i 2030.

I fastsetting av arealstrategi og jordvernmål for Time legg ein til grunn kommuneplanen sin arealdel og regionalplanane sin utviklings-strategiar i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke og i Regionalplan for grøn industri. Det betyr at det nasjonale jordvern-målet ikkje kan brytast direkte og forholdsmessig ned på kommunenivå.

Alle framtidige område for utbygging er vurdert til å bidra til regionalplanane si måloppnåing og treng derfor ikkje å verta vurdert tatt ut. To viktig prinsipp for arealstrategien er at kommunen skal vera ein føreseielege kommune og at langsiktig grense for landbruk skal ligga fast. Av desse grunnane skal hushaldering skje gjennom rekkefølgjekrav og utan at dei framtidige områda for utbygging tas ut av arealdelen. Ved fastsetting av rekkefølgjekrava i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 er «innanfrå-og-ut»-prinsippet lagt til grunn. Dette inneber at områda nærmast eksisterande busetnad vil kunna verta bygde ut før områda som ligg lengre vekk. Dette prinsippet vert ført vidare.

Det kommunale jordvernmålet er sett med eit tidsperspektiv frå 2022 til 2050. Omdisponering av jordbruksjord til anna formål enn LNF skal i denne perioden ikkje vera meir enn i gjennomsnittet 62 dekar jordbruksjord per år. Område for råstoffutvinning og eventuelle samferdselstiltak er ikkje inkludert. Område for råstoffutvinning vil etter drift verta ført tilbake til jordbruksareal og formål LNF Planlagde samferdsletiltak, regulerte og ikkje regulerte, vil i perioden til år 2050 kunna auka omdisponera med omlag 5 dekar/år. Eit eventuelt tverrsamband Fv44/E39 «Gandal godsterminal-Osli» gjennom kommunen vil koma i tillegg. Tilrettelegginga for kraftkrevjande verksemd som er av regional interesse, utgjer meir enn halvparten av dette målet.

Jordvernmålet inneber at alle områder planlagt regulert i arealdelen kan regulerast i perioden 2026-2050, med unntak av områda som har rekkefølgjekravet «Utbygging etter 2050».

Konsekvensen av jordvernmålet er at behovet for bustader og næringsareal vil vera dekka, men at kommunen må hushaldera med dei framtidige areala til utbygging. Rekkefølgjekrava i kommuneplanen sin arealdel 2026-2037 skil no mellom område som kan byggast ut før år 2050 og etter år 2050.

Det ligg samstundes eit stort unytta potensial for leilegheiter i godkjende private planar. Det er viktig at dette potensialet vert tatt ut. Dette må skje gjennom god dialog med private utbyggjarar.

Det finns per nå ikkje tal på fysisk nedbygging av jordbruksjord på kommunenivå. Mål om maks fysisk nedbygging av jordbruksjord vil derfor verta fastsett ved neste revidering av arealdelen. Dette under føresetnad at data og system for monitoring på kommunalt nivå då er på plass.


15
LIVET PÅ
LAND

6 Visjon og langsiktige mål

Visjon og verdiar
Alt arbeid som kommunen driv skal bygga på visjonen og verdiane våre.

Visjon
Trygg og framtidsretta.

Verdiar
Ansvar, engasjement og optimisme, og gjensidig respekt.

Leveregel
Me skal gjera kvarande gode.

Samskaping
For at Time skal vera ein god og berekraftig kommune å bu, leva og arbeida i, er det mange ting som må vera på plass:


- Gode og forsvarlege helsetenester
- God utdanning og livslang læring
- Arbeid for alle og økonomisk vekst
- Tilgjengeleg bustadar, møteplassar, transport, trygge nærmiljø og grøne område

Alle kommunar, også Time, står overfor store og komplekse utfordringar som klimaendringar, strammare økonomiske rammer og endra befolkningssamansetting. Denne utviklinga utfordrar kommunen si berekraft, som vil seia kommunen si evne til å sikra at innbyggarane får dekka nødvendige behov, utan at det går ut over kommande generasjonar. For å få dette til, må me arbeida og samarbeida på nye måtar. Framover vil det vera nødvendig med nye og sterkare partnarskap mellom ulike kommunar, eigen kommune og næringslivet, frivillige lag og organisasjonar, og ikkje minst innbyggarane. Klarer me dette, vil me saman utvikla lokaldemokratiet med betre løysingar, auka deltaking og sterkare fellesskap. I dette ligg det at me må gå frå eit innbyggarperspektiv til å ha større fokus på medborgar perspektivet.

Folka som bur i kommunen, næringslivet som er lokalisert her, dei frivillige laga og organisasjonane utgjer alle «Timesamfunnet» og er fullt av ressursar. Folk har initiativ, energi og idear til korleis me kan laga ein endå betre kommune. Me veit at me må gjera ting på andre måtar i åra som kjem, men me veit ikkje nødvendigvis korleis. Å omstilla kommunen frå å vera tenesteleverandør til i større grad å vera ein partnar i tenesteutviklinga krev både fagleg og kulturell utvikling i eigen organisasjon.

Ei viktig utfordring er derfor å sikra at Time kommune som organisasjon er skodd til å arbeida heilskapleg og på tvers av sektorar mot felles mål. Kommunen må utvikla nye måtar å arbeida på slik at me nytter personalressursane betre og vert i stand til å handtera oppgåver der verkemidla og innsatsen frå ulike verksemder vert sett i samanheng.

Utviklingstrekk er at befolkninga lever lenger og



held seg friskare. Dei er aktive, vil bu heime og ha herredøme over eige liv. Dette stiller krav til kommunen ved at ein må være open for nye impulsar og utforska grenseområdet for kva som er kommunale oppgåver og kva tid oppgåvene kan løysast av andre. Kommunen sin nye rolle er å være pådrivar og legga til rette for utvikling av velferdstenester. Samskaping og berekraftig samfunnsutvikling handlar om å gå frå kommune 1.0, som inneber at det er kommunen som bestemmer, og til kommune 3.0, som betyr at me bestemmer saman.


Berekraftmål nr 17: «Samarbeid for å nå måla», er eit av dei sju utvalde berekraftmåla i Time kommune. Dette målet vert eit av satsingsområda i ny samfunnsdel, men vil òg fungera som ei overbygning over dei andre satsingsområda.

Det er formulert fem langsiktige mål som går ut over planperioden og som skal vera mål å jobba for «på dæ jabna» utan særleg tidsavgrensing.

Langsiktige mål:

- Legga til rette for vekst i regiondelsenteret Bryne og lokalsenteret Kvernaland, styrka senterstrukturen på Lye og tilpassa utbygging på Undheim, samtidig som kommunen tek omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.
- Barnefamiliar skal synes det er attraktivt å bu og etablera seg i Time kommune.
- Barn og unge skal ha lyst på livet og evne til å meistra kvardagen og vaksenlivet, og få eit best mogleg utgangspunkt for å fullføra vidaregåande skule.
- Det skal vera godt å bli gamal i Time gjennom tilrettelegging og gode tenester frå kommunen, og innbyggjarar som sjølv tek grep for å ha eit best mogleg utgangspunkt for å meistra kvardagen og alderdommen.
- Flest mogleg deltek i lokaldemokratiet, opplev seg representert og høyrt på ulike arena og i saker som engasjerer dei.

7 Satsingsområde 1: Me skal gjera det i lag



Saman skaper me framtida

Me står ovanfor store og komplekse samfunnsutfordringar som auka digitalisering, klimaendringar, større ulikskapar blant innbyggarane og stramare økonomiske rammer. Dei komplekse utfordringane me står framfor vil ikkje kommunen klara å løysa åleine. Berekraftmål nr. 17 «Samarbeid for å nå måla» må derfor danna grunnlaget for korleis me tenker og planlegg i vidare utvikling av kommunen og Timesamfunnet.

Endra demografi, auka forventningar til sosiale velferdsytingar og vektlegging av innbyggarane sine rettar medfører at forventningar ikkje kan innfriast innanfor eksisterande rammer. Evalueringa av eksisterande plan syner at leiarane opplever at krav til tenestene er større enn dei har rammer eller moglegheiter for å innfri åleine. Me må tenka nytt om korleis me kan utvikla Timesamfunnet, og kva som skal vera kommunen si rolle. Velferdssamfunnet må i større grad utviklast i eit samspel mellom innbyggarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommuneorganisasjonen. Kommunen må utvikla seg frå å vera ein servicekommune til samskapande samfunnsutviklar. I dei seinare åra er det etablert eit tett samarbeid med nabokommunar for å løysa komplekse oppgåver og utvikla meir robuste tenester. Det må leggast til rette for utprøving av samarbeidsformer på ulike arenaer.

Nye teknologiske løysingar gjev oss moglegheit til å gjera ting annleis slik at arbeid kan forenklast og forbetrast. Kommunen skal fortsetta å testa og ta i bruk nye teknologiar og vera ein aktiv deltakar i digitaliseringsarbeidet som skjer i det offentlege på tvers av kommunar og forvaltningsnivå.

Lokaldemokratiet er ein føresetnad for utviklinga og framtida for Timesamfunnet. Det må leggjast til rette for at innbyggjarar kan koma med innspel og uttrykka synspunkt på mange arena og i saker som er viktige for dei.

Dei neste 12 åra skal me:

- Finna løysingar på behov og utfordringar saman med innbyggarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og andre kommunar
- Gå frå å vera ein servicekommune til å verta ein samskapande kommune
- Vidareutvikla og styrka lokaldemokratiet
- Sikra at kommunen kan utvikla seg i takt med nye oppgåver og behov, og med høg grad av tverrfaglegheit
- Ta i bruk ny teknologi for å forbetra og forenkla arbeid og tenester
- Halda på, rekruttera og utvikla kompetente medarbeidarar
- Sikre at tilrettelegging for alle og universell utforming til grunn i all kommunal planlegging



8 Satsingsområde 2: Gode kvardagsliv for alle



God oppvekst

For å skapa ein god oppvekst for barna våre, krev det at mange ressursar i Timesamfunnet jobbar saman. Eit afrikansk ordtak seier at «Det krevst ein heil landsby for å oppdra eit barn».

Barna våre skal ha lyst på livet og evne til å meistra det. Dette får me til gjennom god kvalitet i grunntenestene, tverrfagleg samskaping mellom tenester som barnehage, skule, fritid og i nært samarbeid med barn og foreldre. Trygge foreldre er det viktigaste for barna sin oppvekst

Me er del av ei samfunnsutvikling der sosiale ulikskapar fører til at fleire opplever utanforskap. I tillegg fører sosiale mediar med seg nye formar for utanforskap. Kvardags- og arbeidsliv er påverka av digitalisering og endring som medfører at ein i stadig større grad må takla, tilpassa seg og stå i endringar. Dette medfører at den enkelte innbyggar må vera i livslang læring for å ta del i samfunnsutviklinga. Fram i tid må 9 av 10 fullføra vidaregåande opplæring for å møta den demografiske utviklinga der gjennomsnittsbefolkninga vert eldre, i Time og landet elles.

Kommunen opplevde ei auke i barnefattigdom i perioden 2014-2018, men ein reduksjon frem til 2022, som er siste tilgjengelege tall. Det viktigaste tiltaket for å redusera barnefattigdom er det langsiktige arbeidet med å få fleire til å fullføra vidaregåande opplæring og å arbeida for at flest mogleg skal ha eit arbeidsforhold det går ann å leva av. Samtidig kan kommunen ha tiltak som bidreg til å redusera opplevinga av dårleg økonomi.

Samfunnstrenden er ei aukande individualisering der fokus er på kva rettar den enkelte har, meir enn kva rolle ein har som medborgar i eit fellesskap. Dersom denne utviklinga held fram kan dette medføra eit samfunn som er prega av individualisme framfor fellesskapet. Forsking syner at inkludering og fellesskap er den beste arenaen for læring og utvikling. Det er viktig at denne kunnskapen vert lagt vekt på i arbeidet med å utvikla tiltak for å ivareta barn og unge der dei er, slik at færre får behov for individuell oppfølging.

Mange unge vaksne vil reisa ut av kommunen for å ta høgare utdanning. Etter avslutta utdanning skal det vera attraktivt å koma heim til Time. Det handlar mellom anna om at det er mogleg å skaffa seg relevant i arbeid i nærleiken. Kommunen skal bidra til at kompetansearbeidsplassar vert etablert i Time.

Dei neste 12 åra skal me:

- Arbeida med kva det vil seia å vera «Trygge foreldre» for ulike aldersgrupper
- Arbeida systematisk og tverrfagleg med førebyggande tiltak og tidleg innsats på tvers av tenester
- Samhandla med frivillige lag og organisasjonar og skapa møteplassar med fokus på inkludering
- Redusera talet på unge som opplever utanforskap og opplevinga av dårleg økonomi.
- Legga til rette for livslang læring generelt og spesielt innan digitale verktøy
- Bidra til at kompetansearbeidsplassar vert etablert i Time


4
GOD
UTDANNING



Aktive innbyggarar

God helse, livskvalitet og trivsel heng saman. Kommunen sitt folkehelsearbeid handlar om å fremja god livskvalitet for innbyggarane. Dette inkluderer eit samfunn som fremjar god psykisk helse og har ei aldersvennleg innretning.

Gode helsefremmande vanar skapast ofte i tidleg alder. Gode og trygge oppvekstmiljø er viktige for at barn og unge skal utvikla tryggleik, tilhøyrsle og evne til å meistra livet. Kommunen vil arbeida for robuste oppvekstmiljø som gir barn og unge gode føresetnader for å bli robuste menneske, med tru på seg sjølve og evne til å handtera motgang og utfordringar. Dette arbeidet må me gjera i lag med frivillige lag og organisasjonar, som er viktige bidragsytarar til fellesskap, aktivitet, meistring og tilhøyrsle.

Tilgangen på naturopplevingar, turområder og gode uteareal i urbane strøk er viktig. For barn og unge bidreg frivillige lag og organisasjonar med aktivitetstilbod som bidreg svært positivt for folkehelsa.

Me lever lenger, og det er behov for tilrettelegging for aktivitet og sosiale fellesskap for barn, vaksne og eldre. Målet er å ta vare på forholdet til familie, vennar og sosialt nettverk og skapa gode opplevingar og møte på tvers av generasjonane. Me må alle ta grep for leva gode liv og leggja grunnlag for ein god alderdom.

Aktiv aldring handlar om at eldre vert rekna som ein ressurs i samfunnet, og at det vert lagt til rette for deltaking og medverknad.

For å sikra og vidareutvikla gode velferdstenester og ei berekraftig samfunnsutvikling, må me heile tida leita etter nye og betre måtar å løysa oppgåvene på. Samskaping og digitale løysingar vil vera ein naturleg del av arbeidet både for tilsette og innbyggarar.

Dei neste 12 åra skal me:

- Legga til rette for fysisk aktivitet og sosiale fellesskap for alle aldersgrupper
- Skapa nye og styrka etablerte møteplassar på tvers av generasjonar
- Nytta frivillige lag og organisasjonar som ein ressurs i nærmiljøet og folkehelsearbeidet
- Legga til rette for aktiv aldring og dra nytte av ressursane til eldre innbyggarar





Gode nabolag

Gode lokalsamfunn og nabolag har mykje å seia for livskvalitet og utvikling av sosiale nettverk. I Time vil me ha inkluderande, trygge og miljøvennlege lokalsamfunn. Korleis me utviklar byen og tettstadane våre har mykje å bety for helse og trivsel for innbyggarane. Me skal alle kunne leva i sunne og inkluderande nabolag, som me er stolte av og identifiserer oss med. Tilrettelegging og utvikling av særpreg, aktivitetar og opplevingar er med og styrker nabolaget og gjer det meir attraktivt å bu i og koma på besøk til.

God helse og livskvalitet vert skapt gjennom dei fysiske omgjevnadane og sosiale relasjonar me omgir oss med. Det er mange fellesnemnarar for kva som gir gode plassar å bu. Saman med byggebransjen vil Time planlegga for livskraftige nabolag der innbyggarane har moglegheit for å oppfylle sine kvardagsbehov. God tilgang til kollektivtransport, tilrettelegging av snarvegar og gang- og sykkelvegar skal gjera det enkelt å koma seg til skule, barnehage, butikkar, servicetilbod, og kultur - og fritidsaktivitetar.

Val av bustad og bustadtilpassing er nært knytt til dei enkelte sine livsløp. Behov og ønsker endrar seg gjennom livet og bustadpreferansane vil vera prega av kva fase av livet folk er i. I dag er det få barnefamiliar som bur i blokkleilegheit i Time. For å oppnå høg arealutnytting og variert bumiljø i by- og tettstadsentrum er det nødvendig med bustadblokker tilpassa ulike storleikar på hushaldningar for å gjera dette alternativet attraktivt.

Eldre innbyggarar har ofte ikkje behov for einebustad, men kan ha reservasjonar mot å flytta inn i ein mindre leilegheit fordi dei ønsker areal til overnattingsgjester og samankomstar. Dette kan løysast gjennom til dømes felles opphaldsrom og gjesterom i bustadblokker.

Dei neste 12 åra skal me:

- Planlegga for nabolag som er tilpassa blanda aldersgrupper
- Arbeida for at blokkleilegheiter eignar seg for ulike typar hushald, både barnefamiliar med behov for større areal og eldre med behov for fellesareal
- Gjennom god mobilitetsplanlegging skal Time kommune sikre eit godt, framtidsretta, bærekraftig og trafikksikkert kommunikasjonssystem.
- Time kommune skal sikre trygge og effektive transportårer for mjuke trafikantar til og frå sentrum og kollektivknutepunkt.
- Arbeida for at innbyggarane skal oppleva tryggleik og inkludering i nærmiljøet
- Legga til rette for opplevingar og aktivitet i tettstadane
- Sikra medverknad i prosessar som påverkar nabolaget si utvikling

9 Satsingsområde 3: Bryne – byen på Jæren





Bryne er byen på Jæren og skal vera ein attraktiv stad å bu, koma på besøk til og driva næringsverksemd.

Regionalplanen for Jæren og Søre Ryfylke har gitt Bryne status som regiondelssenter. I dette ligg det at byen skal utviklast som eit senter for heile Jæren med ein særleg regional innsats for å realisera vekst med bykvalitet. Publikumsretta eller besøks-/arbeidsplass-intensive funksjonar som berre vert gitt på ein stad på Jæren bør lokaliserast i Bryne sentrum.

Dette passar godt saman med hovudstrategien i Time sin kommuneplan som er å ha kompakte senter, særleg på Bryne. Det vil seia høg arealutnytting med kort veg til kollektiv-knutepunkt og auka tilrettelegging for miljø-vennlege transportmidlar. Sentrum skal ha allsidige funksjonar i form av offentlege og private tenester og arbeidsplassar.

Dei urbane kvalitetane på Bryne må foredlast og vidareutviklast. Det må leggast til rette for kulturtilbod, servering og handel som skapar aktivitet i sentrum på både dag- og kveldstid. Ungdommar skal ha eit godt fritidstilbod i sentrum.

Godt samarbeid med handels- og serverings-næringa og andre private er avgjerande for å få den ønska utviklinga i sentrum.

Bryne som byen på Jæren, har ei klar rolle i regionen og vil trekka til seg besøkande utan-frå. Ein god parkeringsstrategi som støtter opp om ønska aktivitet i sentrum, som også tek omsyn til miljøvennlege transportmidlar, saman med gode løysingar for vegnettet, vil vera viktig.

Eit viktig bidrag til eit pulserande og aktivt sentrum er at folk i alle alder og livsfasar, særleg barnefamiliar, finn det attraktivt å busetta seg her. For å oppnå dette må det sikrast god bukvalitet i sentrum og betalbare bustader av variert storleik.

Dei neste 12 åra skal me:

- Utvikla Bryne som by og regiondelsenter med urbane kvalitetar og som attraktiv stad å etablera seg og koma på besøk til
- Utvikla Bryne i tråd med «innanfrå-og-ut-prinsippet»
- Knyta byen saman med grøne område og trygg mobilitet for alle
- Utvikla kollektivtransport og andre miljøvennlege løysingar
- Redusere biltrafikk i sentrum for å betre miljø, trivsel og helse
- Sørga for gode løysingar for vegnett og parkering
- Planlegga for bumiljø som er tilpassa ulike målgrupper


11
BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN

10 Satsingsområde 4: Saman mot eit grønare samfunn







Ei av vår tids viktigaste utfordringar er klimakrisa. Timesamfunnet må omstilla seg for å verta eit grønare samfunn som bidreg meir til å redusera klimagassutsleppa.

I kommunen utgjer utsleppa frå landbruket omtrent 3/4 av dei totala klimagassutsleppa, medan utslepp frå trafikk utgjer om lag 1/5. Kommunen vil arbeida saman med landbruket for å redusera utsleppa. Det er òg viktig at statlege styresmakter bidreg med gode stimuleringsordningar som kan føra til omstilling og nye teknologiske løysingar for næringa. Utsleppa frå trafikk må reduserast ved å legga til rette for miljøvennlege transportformer som kollektivtrafikk, gang- og sykkelvegar og nullutsleppskjøretøy, og ved å redusera transportbehovet gjennom god by- og tettstadutvikling.

Kommunen er stolt over næringslivet i Time. Samstundes er det behov for å diversifisera næringslivet i kommunen og skapa fleire «grøne» arbeidsplassar. Det vil seia der det er fokus på verdiskaping innanfor ei økologisk berekraftig rame. Slike arbeidsplassar vil vera eit bidrag til berekraftig vekst i kommunen.

I tillegg til å bidra til å stoppe klimaendringane må kommunen tilpassa seg dei klimaendringane me veit vil koma som auka nedbør og periodar med tørke. Opne bekkar og elvar er med på å skapa trivelege nabolag samstundes som dei kan bidra til å takla konsekvensane av klimaendringane. Sikring av blågrøne område er eit viktig klimatiltak.

Time er ein stolt og viktig jordbrukskommune. Produksjonen som skjer her på Jæren er sentral for Noreg sin mattryggleik og bidreg med produkt av høg kvalitet. Det er derfor viktig at eksisterande jordbruksjord vert tatt vare på, at langsiktig grense for landbruk ligg fast og at nye områder vert vurdert for nydyrking.

Årleg omdisponering av jordbruksjord til andre formål enn LNF er redusert dei siste åra.

Det biologiske mangfaldet i kommunen har stor bevaringsverdig og det må sikrast stabil sameksistens mellom ville plantar og dyr, og menneskeleg aktivitet.

Kulturmiljø, som kulturminne og kulturlandskap, er viktige miljøressursar i eit berekraftsperspektiv. Dei har betydning for folks identitet, trivsel og tilknyting.

Kommuneorganisasjonen kan bidra til at Time vert ein grønare kommune gjennom å stilla klima- og miljøkrav i anbod, miljøsertifisering, investering i klimavennlege bygg og reduksjon i eige energiforbruk.

Dei neste 12 åra skal me:

- Redusera klimagassutslepp med 55 % innan 2030, ikkje medrekna biologiske utslepp frå jordbruket
- Betre transportplanlegging og parkeringspolitikk for å redusera klimagassutslepp
- Legga til rette for ei samfunnsutvikling som skapar minst mogleg transportbehov
- Gjera det lettare å gå, sykla, reisa kollektivt og køyra utsleppsfritt
- Stimulera næringslivet, kommuneorganisasjonen, innbyggarar og frivillige lag og organisasjonar til å bidra til ei klimavennleg utvikling
- Diversifisera næringslivet og skapa nye grøne arbeidsplassar i kommunen
- Setta i verk tiltak for å handtera klimaendringane
- Ta vare på landbruksjorda i Time og følga opp det kommunale jordvernmålet
- Ta vare på naturmangfaldet
- Ta vare på naturlege vassvegar som opne bekkar og elvar, og sikra blågrøne område i byen og tettstadane
- Ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

